

Holmedal montessoriskule har tatt i bruk *It's learning* som læringsplattform. Plattformen skal takast i bruk i heile skulen, og elevane skal få ei gradvis opplæring i bruken av funksjonar som er tilgjengelege. Elevane lagrar skriftleg arbeid i sine mapper i *It's learning*. Lærarane brukar plattformen til å leggje til rette for læring for elevane, og for å få innsikt i og oversikt over elevane sitt arbeid. Dei eldste elevane får ein del heimearbeid som dei leverer og får tilbakemelding på i *It's learning*. Dagny Sagosen Haugsvær er administrator av systemet.

Gruppe 1:

Før jul:

- Alle elevane skal få ei innføring i bruken av It's learning (startar opp med elevane på 3. trinn).
- Elevane lærer å laste opp dokument i mapper på sitt eige område.
- Lærarane legg ut lenkjer til Lesedilla og elles andre aktuelle nettstader.
- Felles loggføring av det som har skjedd/det som skal skje, med oppdatering minst ein gong pr. veke.

Etter jul:

- Lærarane legg ut quiz / testar i faga norsk, engelsk, matematikk og naturfag (minst ein innanfor kvart fagområde).

Gruppe 2:

- Innføring med elevar på 4. trinn, og oppfrisking med andre elevar som treng det.
- Felles loggføring av det som har skjedd/det som skal skje, med oppdatering minst ein gong pr. veke.
- Quiz : Elevane lagar quiz på omgang. Skal leggjast ut kvar veke.
- 5. – 6. trinn: Innlevering av 2 – 3 oppgåver før jul og 2 – 3 oppgåver etter jul.
- 7. trinn: Innlevering i faga norsk, matematikk og engelsk. 1 innlevering pr. veke.
- Lærarane legg ut quiz i faga naturfag, geografi, historie og samfunn, RLE minst ein gong kvar månad